

Mellombels forskrift om sensurfristar ved Norges Handelshøyskole (NHH)

Fastsett av Styret 15. desember 2022 med heimel i lov av 1. april 2005 om universiteter og høyskoler § 3-9 og § 8-2.

§ 1 Område denne forskrifta gjeld for

Forskrifta gjeld nærare oppgjevne eksamenar i bachelorstudiet i økonomi og administrasjon og for autorisasjonsprøve i oversettelse (translatøreksamen) ved Norges Handelshøyskole.

§ 2 Kunngjeringsdatoar for ordinære eksamenar i bachelorstudiet i økonomi og administrasjon

Sensur vert kunngjort seinast fire veker etter eksamensdagen i RET1 Rettslære for økonomer.

§ 3 Kunngjeringsdatoar for autorisasjonsprøve i oversettelse

Sensur vert kunngjort seinast fem veker etter eksamensdagen i autorisasjonsprøve i oversettelse.

§ 4 Ikraftsetjing mm

Forskrift tek til å gjelde frå og med eksamenar avlagt i vårsemesteret 2023 og gjeld til og med eksamenar avlagt i haustsemesteret 2023. For eksamen i emne som ikkje er nemnd i forskrift, gjeld fristen på tre veker etter Lov om universiteter og høyskoler.

Unntak for ordinær sensurfrist gjeld det semesteret emnet vert undervist.